



## Referat frå programstyremøte for spansk språk og latinamerikastudium

**Dato:** 23. februar 2022

**Tid:** kl. 10:00-11.00

**Sted:** HF-bygget, rom 305 / Zoom

**Til stades:** Miguel Angel Quesada Pacheco (fagkoordinator), Xavier Llovet Vilá, Hanne Tangstad (stud.rep.), Øyvind Hodnekvam (stud.rep.) og Robert Graff Bakkevold (sekretær).

### Saksliste

#### 01/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjend

#### 02/22 Godkjenning av møtereferat frå programstyremøtet den 24. november (vedlegg)

Godkjend

#### 03/22 Orientering

##### 1. Kva for emne skal ha 3-årig emneevaluering i 2022? (vedlegg)

Dei som har emneansvar vert kontakta av studiekonsulent for nærmare avtale rundt gjennomføring av studentevaluering.

##### 2. Tal på oppnådde studiepoeng og kvalifikasjonar for 2021 (vedlegg)

##### 3. Data frå Studiebarometeret (vedlegg)

#### 04/22 Arbeid med studiekvalitet jf. UiBs kvalitetssystem for utdanning

Fagkoordinator skal skrive ei eigenvurdering for kvart program for året 2021. [Då har styre i oppgåve å gå igjennom alle eigenvurderingar, 3-årige emneevalueringar og rapport frå ekstern fagfelle.](#) Styret har ansvar for å følgje opp gjennomføring av forslag til tiltak frå emneansvarlege og slik ser på styrets overhengande oppgåve med å [«utvikla og revidera undervisningstilbodet på faget»](#).

Eigenvurderingar av program vert lagt frem for instituttleiinga og dannar grunnlag for instituttets årlege studiekvalitetsmelding som sendast til fakultetet.

Vedlagt finn de rapportar som har blitt sendt inn til sekretæren i forkant av innkalling. Kjem det inn fleire før møtet vert dei sendt ut til styret fortløpande.

Fagkoordinator valte å ta opp møtet (via Zoom) for å få med seg all dialog og innspel rundt evalueringa av året 2021. Desse kommentarane vert brukt som noko av grunnlaget for utarbeiding av eigenvurderingane av programma. Det er grunn til å nemne tre sakar som særleg vart tatt tak i på møtet:



### 1) Avdekka dårleg studiemiljø blant studentane på bachelorprogrammet

Studiebarometeret viser at faget har utfordringar med å skape eit godt nok studiemiljø for studentane. Studentrepresentantane kommenterte at situasjonen ser ut til å vere lik for masterstudentane også.

Programstyret har særleg ansvar for studiemiljøet og styret ønskjer naturlegvis å ta tak i dette problemet. Alle (faglærarar, studentar og studiekonsulent) vert oppmoda til å tenkje på tiltak som kan endre på situasjonen, både på kort og lang sikt, og leggje desse fram for styret til neste møte.

### 2) Manglande «arbeidslivsrelevans»

Studiebarometeret avdekka at studentane vurderer koplinga mellom utdanning og arbeid som svakare enn tidlegare. Studentrepresentantane såg begge det som eit behov å få vist kva for kompetanse ein sit med etter ferdig studium eller undervegs i studiet. Korleis kan ein selje seg inn på arbeidsmarknaden? Korleis kan ein vite kva arbeidstakar ser etter?

Styret samtala rundt temaet utdanning og arbeidslivsrelevans og la fram fleire idear: invitere firma (til dømes frå havnæringa) eller institusjonar (ambassadar, frivillige organisasjonar etc.) til webinar eller liknande og peikte samstundes på ressursar internt som i større grad bør ha vore løfta frem som til dømes Arqus og SAP100.

Det var få til stades og alle var einige om å ta saka opp igjen på neste programstyremøte.

### 3) Tal og bemanning

Det har vore ei fin auking i talet på studiepoeng fullført av bachelorstudentar. Xavier oppmoda fagkoordinator til å presentere dette for arbeidsgruppa på IF som har i oppgåve å jobbe med nye prinsipp for bemanningsplanen. Det vart argumentert for at auke i studiepoeng må sjåast i samheng med ressursar disponible på faget. Fagkoordinator og studiekonsulent vil sørge for at denne arbeidsgruppa vert presentert for tal og argument.

Styret ønskte at desse tre sakene vert omtala i eigenvurderingane som skal inn til instituttleiinga.

Styret la også vekt på å gå igjennom dei 3-årige emneevalueringane som var klare til møtet: DIDASPA1, SPLA117 og SPLA100. Kvar rapport vart kommentert og styret vil følgje opp tiltaka som har vore foreslått i den einskilde evaluering.



UNIVERSITETET I BERGEN

*Institutt for fremmedspråk (IF)*

Xavier har vorten kontakta av ein eller fleire personar som ønskjer å ta mastergraden som fjernstudent. Er tida inne for å gjere undervisninga hybrid?

Italienskfaget har gått for denne modellen for å motvirke låge søkartal til sitt masterprogram. Styret diskuterte fordelar og ulemper og vil som i sakene over fremje ho på nytt for styret når fleire er til stades.

17.02.2022/RGB